



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Berit Inger Rygg
Telefon: 57 64 31 09
E-post: fmsfbry@fylkesmannen.no

Vår dato
17.02.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2012/1690 - 612
Dykkar referanse

Region HAFS v/ Gjermund Flage
Region Nordfjord v/ Ola Bolstad
Region Sunnfjord v/ Guri Langaas
Region Sogn v/ Torunn Liltved

Regionane - fordeling av kompetansemidlar barnehage 2015

Fylkesmannen har fått tildelt 1 253 00 kroner til kompetansemidlar til fordeling i dei fire regionane. Fordelinga er gjort slik:

- Grunnbeløp 40 000 kroner
- 30 % etter tal barnehagar i regionen
- 70 % etter tal barn i regionen

Midlane skal nyttast til tiltak i tråd med mål og innhald i kompetansestrategien 2014 – 2020. Det er ein føresetnad at midlane blir nytta til alle tilsette både i kommunale og ikkje –kommunale barnehagar.

Kompetansestrategien omfattar fire tematiske satsingsområder som er forankra i mål, innhald og oppgåver i rammeplan for barnehagen. Dei fire områda er:

- pedagogisk leiing- barnehagen som ein lærande organisasjon
- danning og kulturelt mangfald
- eit godt språkmiljø for alle
- barn med særskilde behov

Dei fire områda skal vere førande for arbeidet med kompetanseheving både kommunalt og regionalt fram mot 2020.

Under føresetnad av at det vert utarbeidd kompetanseplan, vil Fylkesmannen fordele følgjande beløp til regionane:

Region Sunnfjord: 412 400 kroner
Region Nordfjord: 360 300 kroner
Region HAFS: 177 300 kroner
Region Sogn: 303 000 kroner

I fullmaktsbrevet frå Utdanningsdirektoratet har vi fått tildelt ein samla sum til kompetansetiltak for barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar i barnehagen. Etter drøfting i FORUM har vi valt å fordele 700 000 kroner til regionane slik at de

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

kan organisere kompetansetiltak for denne målgruppa. Regionane sitt ansvar er å legge til rette for barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar, vikarar og kompetansetiltak for barne- og ungdomsarbeidarar. Midlane skal gå uavkorta til målgruppa. Tilbodet skal gjevast til både kommunale og ikkje –kommunale barnehagar.

Fylkesmannen sitt ansvar er å kvalitetssikre tiltak. Det er ikkje sett sentrale føringar på tiltaka ut over dei områda som ligg i kompetansestrategien.

Fylkesmannen har sett følgjande føringar:

Barnehagen som ein lærande organisasjon

- pedagogisk leiing
- vaksenrolla
- sosial kompetanse
- leik

Plan for kvalifiseringssystem for arbeid i barnehagen skal ligge til grunn for grunnkompetanse for assistentar og vikarar i barnehagen.

Fylkesmannen har nytta same fordelingsnøkkel som for dei ordinære kompetansemidlane.

Region Sunnfjord: 232 000 kroner

Region Nordfjord: 202 000 kroner

Region HAFS: 98 000 kroner

Region Sogn: 170 000 kroner

Regionane skal nytte vedlagde søknadsmalar.

Fylkesmannen ber om at dei regionale planene blir sendt oss innan **1. april 2015**. Rapport og rekneskap for tildelte kompetansemidlar for 2014 skal sendast oss innan 15. juni 2015.

Med helsing

John Ole Vange
utdanningsdirektør

Berit Inger Rygg
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.